

Møteinnkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Folgefonnsenteret, Rosendal
Dato: 20.03.2017
Tidspunkt: 13:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 40904341, eller på astrid.haavik@fylkesmannen.no.

Program for dagen

13:00 -16:00: Styremøte Folgefonna nasjonalparkstyre

16:00: Middag på Rosendal turisthotell

17:00: Opningsmøte i fagleg rådgjevande utval

Eg ber om at de melder frå om de ikkje kan kome på:

- Styremøte
- Middag
- Møte med fagleg rådgjevande utval

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: www.miljovedtaksregisteret.no.

For dei som skal sende reiserekning sjå:

Selvbetjeningsportal for mottaker av honorar

<https://dfo.no/Kundesider/Lonnstjenester/Selvbetjening/Selvbetjeningsportal/>

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Arkiv- saksnr
ST 3/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
ST 4/17	Underskrift av protokoll frå førre møte	
ST 5/17	Årsmelding - Folgefonna nasjonalparkstyre 2017	2017/3249
ST 6/17	Framlegg - prioritering av tiltaksmidlar for 2017 - Folgefonna nasjonalparkstyre	2017/3249
ST 7/17	Framlegg - Prosjektplan besøksstrategi - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016	2016/2843
ST 8/17	Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Odda - Bygging av tre småkraftverk - Småkraft AS	2017/1176
ST 9/17	Vurdering av klage - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med helikopter og snøskuter til Holmaskjær turisthytte for rørslehemma - Odda	2017/740
RS 1/17	Tilbakemelding - Odda - Søknadsskjema A-17 - Tilskudd til verdiskaping basert på naturarven 2017 - Buer - Innfallsport Folgefonna nasjonalpark - Odda kommune - Bjørn Buer	2017/785
DS 1/17	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med snøskuter til eige og leigd sel i Vierdal - Ingrid Riise	2017/909
DS 2/17	Delegert vedtak - Motorferdsel til forskning - Universitetet i Bergen - Folgefonna nasjonalpark	2017/2263
DS 3/17	Framlegg - Motorferdsel med snøskuter - Folgefonna nasjonalpark - Buer LVO	2017/2315
DS 4/17	Framlegg - Bondhusdalen landskapvernområde - Søknad om motorferdsel - Kvinnherad kommune	2017/1286
DS 5/17	Framlegg- Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med snøskuter - transport av matriell - Sandvinsstølane	2017/2373
DS 6/17	Delegert vedtak - Motorferdsel med snøskuter til stølshus og landbruksdrift - Buer LVO og Folgefonna NP - Tori Kambestad	2017/3117
DS 7/17	Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel - Flyging av saltsteiner og salt	2017/2543

ST 3/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 4/17 Underskrift av protokoll frå førre møte



Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	6/17	20.03.2017

Framlegg - prioritering av tiltaksmidler for 2017 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltaren

Forvaltar har ikkje fremja forslag til vedtak i saka.

Bakgrunn

Bakgrunnsdokument

- Søknad om midlar til tiltak i verneområde, sendt 8.1.2017
- Strategi for bruk av tiltaksmidler
- Opplegg for gjennomføring av bestillingsmøtene
- Skjema for innspill om ønska SNO-ressurs

I styremøte 4/16 vedtok nasjonalparkstyret å søke om midlar til desse tiltaka:

Verneområde	Skildring	Kostnad	Aktør
Folgefonna NP	Forprosjektering innfallsport Etne <i>I tråd med besøksstrategi (under arbeid) vil Folgefonna nasjonalparkstyre vere med å tilrettelegge for ein innfallsport/utsiktspunkt for Folgefonna i Etne. Forprosjektering vil gå ut på å planlegge kor eit slikt informasjonspunkt skal ligge og planlegge utforming og gjennomføring av tiltaket</i>	50 000	Ekstern aktør
Buer LVO	Benker og bord ved innfallsport Buer <i>Innfallsport Buer opplever stor auke i tal besøkande og det er ønskjeleg å tilrettelegge med bord og benkar for dei besøkande nede i sjølve Buer. I tråd med besøksstrategi (under arbeid)</i>	70 000	Grunneigar
Bondhusdalen LVO	Reparere bru ved Sandarvollen <i>Brua på Sandarvollen treng rekkverk etter ein flaum</i>	10 000	Grunneigar

Folgefonna NP	Hengebru over Skrelet <i>Innfallsport Ullensvang, Buførevegen har behov for eit infrastrukturtiltak ved ei bru for å kunne gje gåande eit godt alternativ for å kome inn på stien frå Reisetser. Tiltaksmidlane vil dekke brukar og fundamentering.</i>	15 000	Grunneigar
Buer LVO	Utbetring av sti til Buerbreen <i>Stien til Buerbreen er mykje brukt (over 20 000 besøkande kvart år). Nokre parti av stien er vanskeleg å forsere og andre parti er sterkt prega av slitasje og treng tilrettelegging for å vere trygge.</i>	100 000	Odda kommune/ ekstern aktør
Alle verneområda	Kartlegging av kulturminne	100 000	Ekstern aktør
Alle verneområda	Kartlegge stislitasje	50 000	Forvaltar/ekstern aktør
Alle verneområda	Besøksundersøking	50 000	Ekstern aktør
Alle verneområda	Løveskilt	20 000	

Bestilling personalressurs SNO

Ferdselsteljarar	
	Hattebergfossen
	Reinanuten, Buer
	Melderskin
	Malmangernuten
	Bondhus
Tilsyn med motorferdsel	Folgefonna nasjonalpark
Følgje opp fysiske tiltak	Alle verneområda

Tildeling frå Miljødirektoratet for 2017:

Pri	Navn	Status	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig	Kommentar
1	Forprosjektering innfallsport Etne		0	Forvaltningsmyndighet	
2	Innfallsport Buer		0	Forvaltningsmyndighet	
3	Reparere bru ved Sandarvollen		0	Forvaltningsmyndighet	
4	Hengebru over Skrelet	OK	0	Lokalt SNO	
5	Utbetring av sti til Buerbreen		0	Forvaltningsmyndighet	
6	Kartlegging av kulturminne		0	Forvaltningsmyndighet	
7	Kartlegge stislitasje	Utenfor postformål	0	Forvaltningsmyndighet	Annen budsjettpost
8	Besøksundersøking	Utenfor postformål	0	Forvaltningsmyndighet	Annen budsjettpost
9	Løveskilt	OK	0	Lokalt SNO	
10	Ferdselsteljarar		0	Lokalt SNO	
11	Reparere bru ved Hattebergfossen		0	Forvaltningsmyndighet	
12	Lokalt SNO	OK	39 000	Lokalt SNO	
13	Pott	OK	250 000	Forvaltningsmyndighet	

I tillegg har styret blitt tildelt 200 000 til drift av styret og 50 000 til forvaltningsplan/besøksstrategi.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	7/17	20.03.2017

Framlegg - Prosjektplan besøksstrategi - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016

Forvalters tilrådning

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å starte arbeidet med besøksstrategi for verneområda som nasjonalparkstyret har forvaltingsmynde for, i tråd med prosjektplanen.

Sjå vedlagt: Prosjektplan besøksstrategi – Folgefonna nasjonalpark

Målsetjing:

Besøksforvaltninga til Folgefonna nasjonalpark og kringliggande verneområde skal sikre og ta vare på verneverdiane i nasjonalparken

Forventningar

Kva er ein besøksstrategi

- ein bevisst, målretta og føreseieleg plan for korleis vi skal møte besøkande. Planen skal vere godt fundert i kunnskap om verneområdet og kor sårbart området er

Målgruppa

- Besøkande, grunneigarar og bedrifter som driv aktivitet i og rundt Folgefonna NP og kringliggande verneområde



Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	8/17	20.03.2017

Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Odda - Bygging av tre småkraftverk - Småkraft AS

Instilling frå forvaltar

Det er først og fremst opplevingsverdiane knytte til eit levande elvelandskap som vert påverka. Ridestien/Turistvegen opp Tokheimslia har fleire gonger fått støtte til tiltak frå Folgefonna nasjonalparkstyre. Turgåarar kjem i kontakt med elva fleire gonger på veg oppover og vil gå frå å oppleve ein flaumstor vestlandselv til ein sildrande bekk på sumarsdagen.

Det er føreslått ei rekke avbøtande tiltak for å dempe konfliktane med turvegen. Det vert sett på som positivt å rydde gran rundt stien og å legge til rette for turgåarar. Folgefonna nasjonalparkstyre har allereie informasjonspunkt knytte til denne stien og ber om å verte med i planlegginga av nye informasjonspunkt.


Søknaden

Ein tidlegare søknad vart trekt tilbake fordi tiltak var planlagt inne i Buer landskapsvernområde. Tiltaket som det no er søkt om er i sin heilheit utanfor verneområdet. NVE har bede om høyringsuttale frå Folgefonna nasjonalparkstyre med frist 28. april 2017.

Det er i grove trekk søkt om å lage ei røyrgate frå kote 540 (rett utanfor vernegrensa til Buer landskapsvernområde) til ein kraftstasjon på 140 moh (vatnoverføring til Boliden, som no) og ein på 5 moh (der dei hentar ut straum frå overskytande vatn). Vatnvegen vil vere ein 1600 meter long nedgraven røyrgate. Middelvassføringa i elva er 0,88 m³/s og planlagt maksimal slukeevne er 2,3 m³/s. Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på 26,5 GWh (straum til om lag 1250 bustader).

Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på omtrent 2350 meter av Tokheimselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 50 l/s i perioden 1. mai til 30. juni, 275 l/s frå 1. juli til 30. september og 15 l/s i resten av året. Middelvassføringa i elva er i dag 880 m/s og i sommarsesongen er denne opp mot 1800 l/s med bresmelting og snøsmelting. På sommerdagar kan vassføringa komme opp i 3000 l/s. Maksimal slukeevne for anlegget er sett til 1200 l/s.
Henta frå søknaden:

«Elven drenerer deler av Folgefonna og hydrologien er sterkt påvirket av bresmelting. Nedbørfeltet, med restfelter, er vist i figur 3. Planlagt nedbørsfelt er beregnet til 8,38 km² ved inntak på 540 moh, hvorav delfeltet ned til utløpet av Blåvatn (regulert av Boliden) utgjør 4,80 km². Uregulert nedbørsfelt overfor inntaket på 540 moh. blir da 3,58 km².»



Figur 3: Tilsigsfelt og restfelt



Figur 5: Plott som viser sesongvariasjon i middel/median- og minimumsvassføringer gjennom året

Figur 5 viser vassføringa i dag, der ein kubikkmeter tilsvarar 1000 l/s. Dette skriv dei i søknaden:

«I Odda kommune er det mange muligheter og flere store attraksjoner når det gjelder friluftsliv. Hardangervidda nasjonalpark i øst og Folgefonna nasjonalpark i vest er to nasjonalt viktige områder med tanke på landskap, naturmiljø og friluftsliv. Influensområdet er tilrettelagt med tursti (figur 24), kalt Turistveien, som går opp på høyfjellet og inn på Folgefonna til Holmaskjerbu langs sørsiden av elva, med utgangspunkt fra Tveite (båthavna). Her er tilrettelagt med parkeringsplass og informasjonskilt.

Stien kalles Turistveien fordi den opprinnelig ble tilrettelagt for turister av DNT under Oddas storhetstid som reisemål på slutten av 1800-tallet og begynnelsen av 1900-tallet. Stien går relativt nær elva flere steder, men krysser ikke elva før ovenfor planlagt inntak. Buksefoss og fossen ved Tokheimsskardet har opplevelsesverdi for turgåere.

Turistveien er berørt av inngrep langt forbi den strekningen den går innenfor influensområdet. Som hovedsaker nevnes:

- Kanalisering i elveløpet i Støladalen, kanalisering og ledemurer ved Buksefoss (ca. kt. 225), samt magasin og vanninntak ved Tokheim (ca. kt. 135).
- Fra vanninntaket og opp til Blåvatn er det dessuten nedgravd/nedsprengt signal- og strømkabler. Kabeltraseen ligger for det meste på sørsiden av Tokheimselva og krysser Turistveien mange steder. Denne er merket med treplugger med blykappe. På sydsiden av Stølsberget ligger kablene i dagen beskyttet av et jernprofil, flere steder godt synlig inntil Turistveien.»

«Kulturmiljø og brukerinteresser

Småkraft og grunneiere vil foreslå følgende avbøtende tiltak når det gjelder kultur og brukerinteresser. Området fra Båthavna og opp til Folgefonna er en flott tur, opp Turistveien. Det er ønske fra mange om å få større aktivitet opp til fonna. Landskapsvern er laga for å få til større ferdsel i området, ikke for å verna mot ferdsel av fotturistar.

Tiltaka som alt ligg i området med sti opp til fonna, bru, kvilebuer og skilting er vurdert å være positivt. Det inviteres til et samarbeid med DNT og lokalt turlag om lokale tiltak i samband med Turistveien, først og fremst nytta på Tokheim i Tokheimslia og opp til Holmaskjer. Aktuelle tiltak kan være:

- Etablere drikkestasjon evt. et heve/hytte for å finne ly for vær og vind oppe på høyde med inntaket.
- Midler til rydding, grøfting etc. rundt Turistveien
- Hogging av granskog for å betre utsikt i nedre del
- Som et hovedtiltak tenkes oppført en gangbro over søndre elveløp i forlengelsen av Stølsvegen.

Broen vil erstatte bro som gikk med under storflommen i 1962, og vil forbinde Stølsvegen med Turistveien. Gangbroen vil forbinde turveier på nordsiden og sydsiden av Tokheimselva, og bedre tilgjengeligheten til Turistveien. Gangbroen vil dessuten gi tilgjengelighet fra Turistveien til kulturminner mellom elvene, herunder tilgjengelig til permanent fotomontasje med bilder tatt av den kjente landskapsfotografen Knut Knudsen. Tokheim Vel har i flere år engasjert seg for å få bygget denne gangbroen, i samarbeid med Boliden og Odda kommune. Dette tiltaket vurderes å kunne ha stor positiv betydning for brukerinteresser, særlig lokalt, men også for tilreisende turister. -Man vurderer også tiltak i form av informasjonstavler på utvalgte steder langs turistveien, med ulike tema knyttet til natur og næring. Dette er et tiltak som det i så fall må jobbes med å utvikle i samarbeide med brukerne. Som innspill til hva dette kan bestå i vil vi i denne omgang antyde noen muligheter:

- En tavle med tema snøskred og skredforebygging nederst i Turistveien, ved foten av den store skredvollen
- En tavle om flom og flomskader i Tokheimselva, med referanse til storflommen i 1962. Aktuell plassering der planlagt gangbro møter Turistveien. Her er flomskadene svært synlig, likeså omlegging og steinsetting av nederste del av elveløpet. Her bør det også være henvisning til fotomontasje på nordsiden av elva.
- En tavle om regulering og utnyttelse av vassdraget til vannforsyning (Boliden) og kraftforsyning. Aktuell plassering ved Buksefoss eller høyere opp i tiltaksområdet
- En tavle om Turistveien og den historiske bruken av denne. Aktuell plassering innenfor Buerdalen landskapsvernområde, evt. i Støladalen der hvor Turistveien krysser Tokheimselva Disse montasjene vil kunne være egnet til å gi tilreisende turister et innblikk i samspillet mellom dramatisk natur, levekår og næringsinteresser, og gi svar på noen av de spørsmål som måtte oppstå på grunnlag av hva de observerer langs Turistveien.»



Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	9/17	20.03.2017

Vurdering av klage - Motorferdsel med helikopter og snøskuter til Holmaskjer turisthytte for rørslehemma - Folgefonna nasjonalpark

Tilråding

Forvaltar har tidlegare innstilt på avslag i saka, og konklusjonen frå tidlegare vurdering står ved lag.

Dokument i saka

- Partsbrev til Odda/Ullensvang turlag, datert 8.2.2017
- Klage frå Fylkesmannen, datert 28.2.2017

Bakgrunn

Folgefonna nasjonalparkstyre har i ST 2/17 gitt løyve til motorferdsel med helikopter og snøskuter til Odda/Ullensvang turlag for å frakte born og unge med rørslehemmingar til Holmaskjer turisthytte i Folgefonna nasjonalpark. Endeleg vedtak vart sendt ut 8. februar 2017.

Vedtaket var begrunna slik:

«Folgefonna nasjonalparkstyre meiner at tiltaket ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig og at det heller ikkje er i strid med verneføremålet, jf. § 48 i naturmangfaldlova. Difor ser styret at det er mogleg å gje løyve.

Søknaden om å arrangere tur for born og unge med funksjonshemmingar kjem frå Odda og Ullensvang turlag. Laget husar lokale eldsjeler for som i fleire tiår har jobba for å auke folkehelsa og gje gode naturopplevingar til lokalbefolkninga. Sjølve grunnlaget for søknaden er eit ønskje om å gjere det mogleg for born og unge med funksjonshemmingar å oppleve turisthytta på Folgefonna og breen som dei elles ikkje vil komme opp til. Dette er eit lokalt forankra tiltak, med ei spesiell forhistorie. Ein kan ikkje vente at det vil komme mange liknande tiltak framover, presedensverknaden vert difor sett som liten og samla belasting vert heller ikkje vurdert som stor. Motorferdsla vil ikkje

ha større omfang enn tilsvarende motorferdsel som det er opna for å gje løyve til i verneforskrifta. Kunnskapsgrunnlaget her er godt kjent og føre-var-prinsippet vert difor ikkje vurdert. Det er ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 17.01.2017).

Søkjjar har søkt om motorferdsel med snøskuter og helikopter i perioden frå 1. mai til 15. juni. I Folgefonna nasjonalpark er det ikkje vanleg å gje løyve til snøskuterkøyring etter 1. mai. Nasjonalparkstyret har difor gitt løyve til å køyre med utstyr opp til Holmaskjer med skuter frå 15. februar til 1. mai.»

Det kom ein klage på vedtaket frå Fylkesmannen i Hordaland, datert 28. februar 2017.

Vurdering av klagerett

Etter forvaltingslova kapittel IV har Fylkesmannen heimel til å klage på enkeltvedtak fatta av Folgefonna nasjonalparkstyret. Fylkesmannen har klagerett over vedtak som Folgefonna nasjonalparkstyret fattar på grunnlag av delebert mynd, etter naturmangfaldlova § 62. Handsaming av klagen skal følgje forvaltingslova kapittel VI. Klage på vedtak som styret har gjort skal vurderast av styret. Miljødirektoratet er endeleg klageinstans og om vedtak vert oppretthalde skal klagen sendast dit for endeleg avgjerd. Vedtaksbrev frå Folgefonna nasjonalparkstyret vart sendt ut 8.2.2017 og klagen motteken 28.2.2017. Klagar har difor klaga innanfor tidsfristen og alle vilkår for å handsame klagen er difor oppfylte.

Vurdering av klagen

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. I § 6.1 i verneforskrifta er det gitt eit forbod mot motorferdsel på land, i vatn og i lufta under 300 meter. I retningslinene i forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark står det:

- Motorisert persontransport er forbode.

Om det ikkje er direkte heimel i verneforskrifta til å gjennomføre eit tiltak må tiltaket heimlast etter § 48 i naturmangfaldlova. Etter § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltingsstyresmakta gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Fylkesmannen skriv:

«Det er korkje i verneforskrifta eller forvaltningsplanen gitt noka særskild opning for motorferdsle i samband med transport av rørslehemma. I nasjonalparkar og område verna etter naturmangfaldlova er restriksjonane normalt særleg strenge. Det betyr at terskelen for å få løyve til motorferdsel her skal ligge høgare enn elles.

Når forvaltingsstyresmakta for verneområda gjev løyve etter verneforskrifta, kan det ikkje verte gjeve løyve som er meir lempelege enn det motorferdselslova tillèt. Forvaltingsstyresmakta bør i størst mogleg grad samordne seg med kommunane når det gjeld saker som gjeld både verneforskrifta og motorferdselslova. Ved motstrid vil verneforskrifta gjelde føre motorferdselslova.

Det ligg ein opning for å gi løyve til persontransport av rørslehemma i § 5 b) i Nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag. Der står det at

kommunestyret kan, etter skriftlig søknad gje løyve til bruk av snøskuter for transport av rørslehemma. Det er i denne forskrifta ikkje opna for å kunne nytte helikopter til det. Det kan berre gjevast løyve ved varig funksjonshemming. Kommunen kan krevje legeerklæring som dokumentasjon. Høg alder eller mellombels sjukdom går ikkje inn under desse reglane.»

Følgefonna nasjonalparkstyre har heimla sitt vedtak etter § 48 i naturmangfaldlova med fokus på at tiltaket ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig eller er i strid med verneføremålet. Styret har også vurdert saka etter naturmangfaldlova §§ 8 -12 og meiner:

«Ein kan ikkje vente at det vil komme mange liknande tiltak framover, presedensverknaden vert difor sett som liten og samla belastning vert heller ikkje vurdert som stor.»

Fylkesmannen seier seg usamd i dette:

«Fylkesmannen legg vekt på at løyve til denne type motorferdsel med helikopter vil kunne skape ein presedens som kan gje forstyrning og uro som er i strid med verneformålet, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova § 48. Vi viser og til at det er omsynet til naturverdiane og ivaretaking av området som har sett rammene for verneforskrifta. Funksjons-hemming eller andre tilhøve som avgrensar høva for ferdsle til fots, er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å gje dispensasjon til motorferdsel etter verneforskrifta. Vi viser då til den strenge praksisen for all køyring i utmark og særleg i nasjonalparkar og andre verneområde.»

Fylkesmannen konkluderer sin klage med:

«...eit løyve til motorferdsel med helikopter for persontransport av rørslehemma til Holmaskjer turisthytte i Folgefonna nasjonalpark og tilhøyrande snøskuter-transport for frakt av naudsynt utstyr vil vere i strid med verneformålet og verke inn på vesentlege verneinteresser. Helikopterstøy har stor styrke og vil være særleg forstyrrande i nasjonalparken, kor mellom anna friluftsliv er ein viktig aktivitet. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste orsakane til at folk oppsøker området, går på tur eller driv andre formar for enkelt friluftsliv. Urørt natur er hovudføremålet med vernet av nasjonalparken.»

Framlegg frå forvaltar

Forvaltar viser til tidlegare vurderingar der framlegg til innstilling frå sekretariatet har vore avslag. Konklusjonen frå tidlegare vurdering står ved lag. Styret må vurdere om klagen skal takast til følgje, eller om styret står fast på vedtaket i sak 2/17. Dersom styret står fast ved sitt tidlegare styrevedtak vert saka sendt vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

DS 1/17 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med snøskuter til eige og leigd sel i Vierdal - Ingrid Riise

DS 2/17 Delegert vedtak - Motorferdsel til forskning - Universitetet i Bergen - Folgefonna nasjonalpark

DS 3/17 Framlegg - Motorferdsel med snøskuter - Folgefonna nasjonalpark - Buer LVO

DS 4/17 Framlegg - Bondhusdalen landskapvernområde - Søknad om motorferdsel - Kvinnherad kommune

DS 5/17 Framlegg- Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel med snøskuter - transport av matriell - Sandvinsstølane

DS 6/17 Delegert vedtak - Motorferdsel med snøskuter til stølshus og landbruksdrift - Buer LVO og Folgefonna NP - Tori Kambestad

DS 7/17 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel - Flyging av saltsteiner og salt